

Velkommen til norskkurs på B2-nivå

Er du innvandrar og ønsker å studere ved ein norsk høgskule eller eit norsk universitet, men manglar formell kompetanse?

Då er du velkommen til norskkurs på B2-nivå organisert av Sogn regionråd og Sogndal opplæringsssenter for innvandrarar busett i kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Kurset har avgrensa tal plassar, så meld deg på så raskt som mogleg!

Skriftleg del vil innehalde:

- Lytteforståing og leseforståing
- Tekstskrivning der vi fokuserer på skrive tekstar som viser synspunkta dine om eit emne på ein klar og forståeleg måte. Vi kjem til å fokusere på tekstoppbygging, grammatikk, ord og uttrykk, rettskriving og teiknsetting.

Munnleg del vil innehalde:

- Ein uttaledel
- Praktiske øvingar der du trener på å kunne delta i samtalar på eit sjølvstendig nivå.
- Øving i å uttrykke egne meiningar og argumentere for det du meiner.
- Diskusjonsoppgåver i grupper der du trener på å kunne sjå ei sak frå fleire sider.

Organisering

- Kurset er nettbasert, intensivt med rask progresjon og legg opp til at du skriv tekstar og gjer oppgåver heime.
- 3 timar i gruppe ein ettermiddag/kveld per veke – 42 timar totalt
- Gruppeundervisning på Teams, eventuelt nokre samlingar på Sogndal opplæringsssenter viss det er ønskeleg
- 3 timar individuell rettleiing – individuell avtale med kvar deltakar
- Pris kr 900,-
- Læremiddel: NorskPluss B2 er inkludert
- Norskprøven kr 1600,- er ikkje inkludert
- Kurset er finansiert av Sogn regionråd gjennom prosjektet *Sogn for alle*

Formelle krav til deltakarar:

Bestått Norskprøve B1-nivå, skriftleg og munnleg

Påmeldingsfrist: 10. august 2021

Oppstart: september 2021

Sluttdato: november 2021

Kontaktperson

Elisabeth Norman,

rektor på Sogndal opplæringsssenter

Tlf 99286025

e-post: elisabeth.norman@sogndal.kommune.no



SOGN REGIONRÅD